

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71.

Fylke: Møre og R.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Haram.

Emne: Gifteferdig ungdom.

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne.

Gard: Rogne.

(adresse): Longva.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige vitende.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. Synet på giftermålet.

1. Frea gamalt av var det ikkje velset, at gut eller jente gifte seg med nokon frå ei annor bygd eller socka. Foreldri vilde gjerne vite, kva folk dei tilkomande var av. Det vart lagt stor vikt på det. Å gifte seg inn i fremandt og ukjent folk var altfor vågsamt, totte dei.
2. Det var mindre velset, (Sjå svar til sp.1).
3. Jau, dei heldt mykje på "staad og stilling! Å gifte seg inn i eit lægre stand var "å kasta seg vekk! Å trå etter eit høgere stand var som å gapa for høgt. Vart ei tenestgjenta g.m. ein gardmannsson, så dei gjerne: "Ho kom upp i det" og undra seg.
4. Det var mykje det same både for søner og døtre.
5. I eldre tid var det mykje so. No er det slutt med det.
6. Gardeigarar og rikfolk (å ja småkorsfolk og so langt dei rakk) la jamat planer for borna sine med tanke på å halda uppe ætti og garden, og auka medelen. Dette førde til, at nokso nærskylde gifte seg ihop sumtid.
7. Dette er ukjent i mine bygder, det eg veit.
8. "Hemningslag" og "hemdabyte" er ukjende nemningar i mine bygder. Derimot er systerbyte og systkenbyte velkjent. Systerbyte var det, når dotter til A vart g.m. son til B og dotter til B vart g.m. son til A. Systkenbyte var det, sonen til A vart g.m. dotter til B og sonen til B vart g.m. dotter til A. Dei bytte systken.
9. Mest til styrking av ætti, men og til å halda medelen ved like, gjerne auka den og.
10. So nærskylde gifte som millom systkenborna totte folk flest lite um. Av slikt ekteskap kunde koma veike borna både åndeleg og likemleg, totte dei, um det i det heile vart borna.

(10). Røynsla, totte dei, tala inot so nærskyldt ækteskap. Millom trimeaningar kunde det kanskje gå an. Dei gamle rekna skyldskapan til 6. leden. Til og med den var det brudlaupsskyld.

11. Med dette var det likt på bae sidor, det eg veit.

12. Det hende nok. Jæmaast gav foreldri seg, um dei eaa var misnøgde. Til å drive sin vilje igjennom treiv kjæraste-folk til den utveg å ha samlage ("leiermål"). Synte det ~~et~~ etter det, kunde til med motviljuge foreldre skunda på giftingi, for lausunge vilde dei ikkje ha i ætti.

13. Fæe var so hardsette, dei brukte yaskjeordet skulde ikkje gå dei vel. Dei sa heller, det vil ikkje gå vel med dei som set seg upp mot foreldri.

14. Ja, ~~av~~ dei som hadde interessa av partiet. Til vaaleg ~~va~~ la folk seg lite burt i slike stridar beiveges, men u-tala vart den og kommentert millom folk som stod utanfor.

15. Dette er ukjent i mine bygder, det eg veit.

16. Jau, slikt hende. Dei gamle la stor vikt på dugleik i arbeid, umtanke med arbeidet og finsleg framferd. Tedde den tilkomande seg klokt og visleg soleis, kunde han eller ho ha god von um å verta godtekne, dersom dei i tale og åtferd elles stelte seg visleg. Slikt hev me døme på. Men og det motsette, diverre.

17. Folk av same stand og stilling, som tenestfolk o.a., fekk jamnt gifta seg uhindra av andre, dersom aldersskilnaden ikkje var for stor. Var den utum det vanlege, vart det folkedrøs av det.

18. Enkior var jamnt einerådande med attgifting, dersom det ikkje bar so altfot mykje av leid, at det vart folkesnakk av det. Enkior med "bord og bu og seng" var ettertrakta i eldre tid. Ho stod sjeldan upprådd for å verta attgift. Ho kunde til med velja og vraka. (Eg hev visst ein gong fortalt um ungguten som smikka til og frise ~~at~~ ei meir enn 60 år gamal enkja og fekk ja).

19. Unge gutar heldt seg mest fræa eldre gjentor, um dei so ~~ho~~ hadde både "komode" og var "gjenta med bok". Dei var haldne for "attergløymor", som unggutene vraka. Dei var jamnt haldne for enkjemannshøve. Der hamna mange av dei og. Eller ein tilræskomen gut som hadde late ungdommen gå frå seg, raka på å gifta seg med ei slik "attergløyma". Reine "fornuftsekteskapet", sa dei.

14555

20. Eg hev høyrte gjete litt um dette, men ikkje so eg kann segja noko visst um det. Det skulde helst vera um jolekvel- den dei tok slike varsel. Korleis det var, hev eg ikkje høyrte noko um.

21-22. Ukjent i mine bygder, det eg veit. Eg hev høyrte nemnt "villarkorn" som vart gjevne til gut eller gjenta til å villa hugen deira at gjevaren. Um dette hev vore gjort i mine bygder, veit eg ikkje, eller hev høyrte.

23. Gjekk gutar og gjentor fleire i lag og talast ved, totte ingen noko rart i det. Elles var det sjeldan slikt hende yrkedagane. Dei hadde anna gjera enn gå på rek. Laurdags- og sundagskveldane flokka dei seg saman og sveiv etter vegane i godveret, og det vart ikkje atgått av nokon eller umtala som noko usømeleg. Var det derimot ein gut og ei gjenta som i "utrensmål" fylgdest og tala saman um dagen of- tare enn vel var, totte folk det sømde seg lite. Folkesnakk- ket gjorde dei snart til parfolk.

II. Nattefriing.

Som dette avsnitt er forma både i fyremølingi og i sp. 24-46, kann ein snaudt kalla det nattefriing, men natte- lauping, etter som eiser det etter folkemeiningi her. I slike høve slo gutane seg saman i flokkar. Dei for til vanleg ikkje stilsleg fram. Var det verkeleg nattefri- ing guten var ut paa, vilde han alltid vera åleine. Eg lyt soleis gjera merksam på, at sp. 24-46 gjeld natte- lauping og ikkje nattefriing slik som eg kjenner det i mine bygder. Med denne grunngeving skal eg freista svara på dei uppsette sp. so godt eg kann under dette avsnitt.

24. Kring 1880/90 åri må det segjast vera slutt med nat- telauping i den vanlege meining med ordet.

25. Ein som var med på slikt, vart kalla nattelauper.

26. Skilnaden var at nattelauperane kunde vera mange i lag, men nattefriaren var alltid åleine.

27. Noko visst tal er det uråd å gjeva upp. Dei var fleire.

28. Fyrst naar dei var konfirmert kunde dei vera med på nattelauping. Dei vaksne vilde ikkje ha dei med fyrr.

29. Jæmnt slo gutane frå same gard seg i lag. Gutar frå an- dre gardar eller grendevilde dei helst ikkje ha med.

30. Til vanleg vart det ikkje gjort skil i so måte.
31. Oftast var nattelaupingi laurdagskvelden frammyver til vel midnatt. "Framande" gutar kunde nok vera med, men då måtte dei helst vera kjend med nokon i flokken frå fyrr.
32. So var det vanlege. Kvar grend heldt seg tidast for seg sjølv. Det kunde sumtid mest vera som med framand buskap.
33. Her var ingen skilnad. Alle i grendi heldt ihop.
34. Dette er ukjent i mine bygder, det eg veit.
35. Mest laurdagskveldane, sumtid sundagskveldane og, men ikkje andre kveldar i veka. Då var dei upptekne med kveldsetarbeidet.
36. Låg nokon lik på garden, gjekkvingen på nattelauping. Sameleis høgtidskveldane.
37. Dei brukte til vanleg ikkje gå utanum si eigi grend.
- 38-39. Dette er ukjent i mine bygder, det eg veit.
40. Dei for so stilsleg som mogleg til ikkje å vekkja sjølvfolki. Elles kunde dei verta jaga or tunet.
41. Dei var jamnt ille likt, for sjølvfolki vilde ha nattero.
42. Med det var det so som so. Det stod so mykje på kva to som var i gjenta eller gjentone. (Det var ikkje brukvis fyrr hjaa oss, og lite no med, å læsa dørene korkje dag eller natt).
43. Nei, ikkje det eg veit. Dei berre fjasa litegrand med løynd moro.
44. Nei, ikkje det eg veit.
45. På dette område var skikkelege gjentor mykje varsame.
46. Den kunde vara ein time eller so på kvar stad. Det stod noko på kor mange stader dei hadde etle seg til um kvelden.

Den einslege nattefriaren.

Eg lyt atter få lov å minna um, at avsnittet framfor galdt nattelauping. Dette avsnitt gjeld nattefriing.

47. Ein som var ute på nattefriing, gjekk alltid åleine. Han vilde ikkje ha nokon med seg då.
- 48-49. Han smøygde seg fram stilt og usedd, og vilde ikkje at nokon skulde vita, at han var ute på friing.
50. Hadde han von på gjenta, gjekk han i løynd at henne til det vart visst millom dei. Sidan gjekk han meir openljost. Gav ho han ingi von, eller tedde ho seg tverr og uviljug, vart det slutt med hans gonga. Ein annan kunde då feista.
51. Gjentone laga fint utsauma bukseselar, henta sokkeband

av fleirlleta tråd, fine vel seg fyregjorde vottar o.s.b. Gutane laga nette små skrin med skuffor og ledik. Det var vanleg gutegåva og var kalla friarskrin. (Friarskrinet etter godfar min er til enda).

52. Det vart nok gjort fantestykke me den einslege nattefriaren, serleg i den fyrste tidi. Etter det var visst millom dei og kjent i grendi, slapp han for det meste frå slikt, dersom "partiet" var jamnt velset.- Det var mest dei halvaksne - plytane me kalla - som hadde sin moro av å apa honom på ei eller onnor vis, t.d. med å klæda seg ut eller laga narrefigurar og setja dei ved døri der dei venta han vilde gaa inn.

53. Dette er ukjent i mine bygder, det eg veit.

54. Sjølv sagt ille.

55. Var "partiet" etter deira hovud, kunde nok faren vita råd me å få urokråkone or tunet, t.d. setja hunden på dei eller han sjølv jaga dei or tunet.

56. Det må ein helst segja. Var dei offentleg trulova, ~~fekk~~ fekk dei jamnt fred for bråkmakarar.

57. Fell burt med di her var lite og inkje sætrar.

(Dersom det hev interessa, kann eg fortelja litt um bodberar, sidan det ikkje er nemnt i spyrjelista. Sume kvinner - mest eldre - var reine "gifteknivane", som dei vart kalla. Dei hadde interessa, eller hugnad, av, at dei eller dei kom ihop og var gifte. Sjølv mint gjekk bodberaren til ein gut i trumål og løynd og tala ovende vel um den gjenta bodberaren hadde tenkt seg høvande for honom, at dette var ei gjenta nett for honom, og som han måtte tenkja på og ikkje lata henne gå ifrå seg. Etter all lovtalen um gjenta, gjekk bodberaren til gjenta, ogso i løynd, og heldt same lovtalen um guten. Dette førde sumtid til, at dei utpeikte objekti vart so interesserte i kvarandre, at det enda med ekteskap. Den kvinnelege bodberaren gjekk støtt i løynd. Oftast hadde ^{ho} noko med seg i handi å bera på. Det kunde vera bundingen, eller ho bar ein laup i handi eller ei kipa på ryggen, so det skulde sjå ut som ho hadde eit eller anna eige erend.- Sumtid vart ein slik bodberar tinga til å bera bodi for gut eller gjenta, for enkemann eller enkja. Var bodberaren tinga,

fekk han betaling for velgjort arbeid.- Karar kunde og vera bodberarar, men dei var jamnt tinga og for meir openljost fram. Eg hev dømme på bae desse slag bodberarar, men eg kann sjølv sagt ikkje nemna namn.).

III. Andre måtar som førde ungdomen saman.

A. På kyrkjebakken.

58. Ja, Ingen tykte det var rart eller usømeleg.

59-60. Slikt var ikkje brukvis frå nokon av partane, det eg veit um.

61. Jamnt, ja ålment var det gutane som tok initiativet. Slikt sømde seg ikkje for gjentor. Soma sa, dei skulde løyna kjenslone sine og vera bljuge og atterhaldne.

62. Eit augnekast kunde vera teikn godt nok eller eit halv-drege bljugt ord, sagt liksom på må få.

63. Dette er ukjent i mine bygder, det eg veit.

64. Her var mest brukt båt til og frå kyrkja. Det var ikkje uvanleg, at kjarastefolk møtte kvarandre i naustkropi til samtale, fyrr dei andre kyrkjefolki kom til båtane.

65-66. Dette er heilt ukjent i mine bygder etter det eg med vissa veit.

B. gjestebod saman med andre.

67. Jamnt kom gode grannar og skyldfolk saman til joledrikking i joli. Elles var påske, kvitsun og jonsok vitjarhelgar millom skyldfolk utanum brudlaupi.

68. Nei. Dei var i lag tilliks med dei andre i gjestebodet. (Fyrr hev eg visst skrive um vokenatti ungdomen hadde i trettenhelgi).

69. Her styrde ungdomene som dei sjølv vilde utan millommann. Kvar valde fritt kven dei vilde liggje i lag med i flatseng eller vanleg seng.

70-73. Dette er ukjent i mine bygder, det eg veit.

C. Andre høve der eldre var med.

74. I gamal tid var det vanleg med dugnad, t.d. ved husekking og andre tilhøve. Då var det tekkjar, reut og dans. No er å sege dugnaden slutt, i alle høve i si gamle form.

75. Endå eg er yver 86 år gamal, veit eg berre um ein einast konkursauksjon på Rognegarden. Då var eg umlag 10 år gamal, so eg hev lite og inkje å svara på dette spørsmålet. Slikslag er det nok i dei andre grender i mine bygder.

76. Næraste marknaden var den årlege Romsdalsmarknad. Då møtte bøndene med varone sine og handla med upplendingane. Korkje gutar eller gjentor frå Hærem møtte til denne marknaden, det e. veit.

77-79. Ukjent for meg, so dette kann e. ikkje svara på.

D. Samkomor der ungdomen var mest for se. sjølv.
a. um sumaren.

80. Ukjent i mine byder.

81-90. Ukjent for meg, so dette kann e. ikkje svara på.

91. Gutane kom jamnt saman sundagskveldane i godveret og slo "lyre" (ball). Born og eldre folk, til med kvinnor møtte til denne leiken og såg på. Det var ein leik med spenn og sprett i og åskodarane såg på med interessa og spaning. Sjølve leiken er det vel forlangt å fortelja um.

92. Dei eldre var med og såg på, som alt nemnt, og gledde seg, ikkje til å passa på ungdomen. Med denne leiken fylgde korkje drykk eller onnor usømd, so der trongst ingi påpassing.

93. Var det ikkje ver til lyreslåing, kom ungdomen saman til leik og dans helgedagskveldane. Desse samkomone gjekk på umgong millom husfederne, for det var ikkje særskilde samlingshus å koma saman i då som no. Eg vågar segja, at ungdomen jamnt førde seg fint, so samkomone deira var velsedd av husfederne.

94. Må falla burt. Her var korkje bryggjor eller jarnvegstasjon å samlast på. Det torer vera nok å syna til svar på sp. 93.

b. Um vinteren.

95-97. Må falla burt, då desse samkomone var ukjende.

(Fyrr hev eg visst skrive um den vanlege kveldsæta).

98. Nei. Gjentone låg ikkje i fjøset, korkje vinter eller sumar.

99. Kom gutar og gjentor saman ein hende gong i all stilla, vart det mest tala um truloving, gifting og elles det som hende i grendi.

100. Ikkje vanleg. Eg trur det er rett å minna um, at gutane på fyrejolsvinteren hadde meir enn nok å gjera yrkedagskveldane med vøling og lagning av fiskevegn og sjøhyre, so dei snaudt hadde tid koma saman utanum helgedagskveldane, kor gjerne dei elles vilde. Plikten fyrst. Same-

8. blad.

leis var det for gjentone. Dei hadde sitt å stå i. (I vinterfiskja var det enno minder tid.). Einast kunde vera dei smeit seg saman i skymingi ein times tid eller so. Når kola var tendra, laut alle vera på plass.

101-102. Hende^{set} dei fekk til ein dans, var det gutane som sytte for spelemann.

102, se 101

103. I tilfelle dans, so kosta den inkje.

104. Nei.

105. Til vanleg var her lite snø og minder is, so det er lite å segja um vintersport i mine bygder.

106. Fell helst burt, so det er lite spørsmål um løyve. Det var helst borni som nytta denne sporten, um det baud seg høve til den ein hende gong.

108 se 107

107-108. Nei i bae høve.

109. Mest var det av religiøse grunnar, dersom forbod vart gjeve.

110. Ja, ein må segja det, for det stod age av foreldre og husbondsfolk.

VI. Joletråd .

111-127. Det som er spurt um i desse spørsmåli, er heilt ukjent. Til med nemningane er ukjende for meg. Eg kann soleis ikkje gjeva svar på desse spørsmåli.

128-129. Jau, det var vanleg folkesnakk, at gjentone hadde^{lov} å fria i skotåret, men (sp. 129) um dette vart gjort, torer eg ikkje segja, for eg kjenner ikke til konkrete tilfelle, at so vart gjort.